

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F674	Knut Øyjordet	06.09.23	32/23

## UTVISING AV LEDIG SETER MED DYRKINGSPARSELL

### *Saksdokument:*

1. Sak 10/23 i fjellstyret.
2. Innkomne søknader.
3. Brev frå fjellstyret av 15.05.23 til kommunen og Statskog.
4. Brev frå Statskog av 30.06.23 til fjellstyret (uttale).
5. E-post frå kommunen av 25.06.23 til fjellstyret med vedlegg (uttale).

### *Saksutgreiing:*

Fjellstyret lyste tidlegare i år ut ei ledig seter med dyrkingsparsell ved Sandranden (Lykkjesetra), som Kristoffer Løkken hadde sagt frå seg. Setra er på ca. 23 dekar der ca. 18,5 dekar er dyrka, og parsellen er på totalt ca. 29 dekar der ca. 26 dekar er dyrka. Dette vart annonsert med hjelp frå landbrukskontoret og på heimesida til fjellstyret, og med søknadsfrist 1. mai. På søknadsskjema skulle søkjarane m.a. krysse av om å få utvist sjølve setra som seter og med dyrkingsparsellen i tillegg, eller å få utvist både setra og dyrkingsparsellen berre som tilleggsjord, samt grunngjeving for behovet for seter/meir dyrkingsjord. Erik Ødegård, Svein Erik Benrud/Elisabeth Løberg og Lars Formo Storrvik har søkt om å få utvist sjølve setra som seter og med parsellen i tillegg. John Egil Odnes, Jo Aasheim, Ola Nettet og Øystein Blankenborg Stubrud har søkt på alt som tilleggsjord. Søknadene er kopiert opp og lagt ved saka.

Etter reglane i seterforskrifta (§§ 7 og 20) vart saka sendt til kommunen og Statskog for uttale, med uttalefrist 25. juni. Frå kommunen ønskte fjellstyret å få ei oppstilling med oversikt over areal, dyrehold osv. til kvar av dei sju søkjarane, utan at kommunen trengde å prioritere blant dei. Sidan dette gjeld ei eksisterande seter med parsell, så har ikkje saka vore sendt til høyring til allmeningsstyret, men det er tatt munnleg kontakt med allmenningen. Oversikta frå kommunen med oversikt over fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, samt omfang leigd areal, mjølkekvote og tal på dyr er utsendt til medlemmene.

Statskog skriv m.a. følgjande i si uttale:

*Statskog er positiv til at eksisterande areal, seter og tilleggsjord, utlyses ledig for tildeling til jordbruker med beiterett, og som kan vise til et behov. Seterforskriftens § 6 (om tildeling av seter) åpner for at jordbruker med beiterett i statsallmenning som kan vise til behov for seter til drift av eiendommen, kan få utvist seter jf. §§ 18 og 21 i fjellova. Departementet har i sine merknader til seterforskriften kommet med føringer for tildeling av seter. Tidligere ble det stilt krav om melkeproduksjon som grunnlag for utvisning av seter. Fjellstyret legger til grunn at fjellstyret nå også kan utvise seter til formål som går utover melkeproduksjon. Eksempel departementet viser til i sine merknader til § 6 i forskriften, er ungdyr, kyr for kjøttproduksjon eller ammekyr. Vidare står det i departementets merknader at «behov for husvære for tilsyn med beitedyr, slepp om våren og samling om hausten, er aleine ikkje grunnlag for å få utvist*

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

*seter. Om brukaren har slike behov må han fremje ein søknad etter § 5 i forskrifta. Statskog ber fjellstyret legge departementets merknader til grunn for utvising av seter.*

*Seterforskriften § 20 (om tildeling av tilleggsjord) åpner for at jordbruker med beiterett i statsallmenning kan få utvist grunn som er egnet til dyrking eller kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 i fjelloven. Det er et vilkår at de som har beiterett må dokumentere et behov for tilleggsjord. Dersom fjellstyret velger å omgjøre seterarealet til tilleggsjord, skal fjellstyret i sin saksutredning ta stilling til hva som skal skje med bebyggelsen på setra.*

*Når fjellstyret har tildelt de to arealene til ny bruker, skal fjellstyret opprette ny utvisningsforretning for begge arealene. Denne skal signeres av ny bruker, fjellstyre og Statskog.*

#### *Vurdering:*

Dei fleste av søkjarane har grunngeve søknaden med at det primært er behov for meir eigenprodusert fôr. Mange kjøper i dag rundballar og/eller leiger jord, og omfanget av dette har fleire av søkjarane skreve om i søknaden, samt står i opplistinga av faktaopplysningar frå landbrukskontoret.

Fjellstyret har ikkje fastsett retningslinjer for tildeling av ledig seter eller tilleggsjord. Det vil vere naturleg og driftsmessig rasjonelt å utvise både setra og dyrkingsparsellen til ein og same brukar. Sidan det totale arealet er såpass stort, og dette dreier seg om utvising av ei ledig seter med parsell, bør det prioriterast blant dei som søker om seter, og som har ei driftsform som ligg innanfor kravet for å kunne få utvist seter. Og ingen av dei tre som søker om seter har seter frå før, korkje i statsallmenningen eller på privat grunn.

Statskog har vist til seterforskrifta med merknader ang. utvising av seter. Det er nok delte meininger blant Statskog og Norges Fjellstyresamband og kanskje også blant enkelte fjellstyre om reglane opnar for utvising av seter til jordbrukarar med rein sauedrift. Merknadene til § 6 i seterforskrifta er ikkje konkret på dette, og vi er heller ikkje kjent med klagesaker i utvising av seter der direktoratet har måtta tatt stilling til dette.

Blant dei tre som har søkt om seter, så har Erik Ødegård ei drift med storfe, både mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon. Han har ikkje mykje leigejord, men kjøper mange rundballar. Så vidt vi kjenner til går dyra hans på utmarksbeite i Øvre Nordherad der bruket ligg. Han har opplyst seinare at Lykkjesetra vil vere eit utgangspunkt for slepp av dyr på utmarksbeite. Svein Erik Benrud/Elisabeth Løberg har gardsbruket i Sjørdalen og har nyleg starta opp ei drift med boergeit. Dei håpar å kunne skape ein større flokk, og har påbegynt ombygging av fjøs. Dei har ein stor del leigejord. Lars Formo Storrvik driv med sau, har planar om å auke besetninga samt å starte opp med storfe etter kvart. Med gardsbruket i Storrviksroe peikar han på at den ledige setra/parsellen ligg nærme garden. Han produserer det meste av foret i dag på eige jord.

Blant dei fire søkjarane som søker om å få utvist alt som tilleggsjord, så driv John Egil Odnes med sau og med gardsbruket ca. ein km unna setra/parsellen. Han produserer det meste av foret på eige jord, nærleik til den ledige jorda blir i søknaden hans nemnd som ein fordel. Jo Aasheim driv med sau og har nokre ammekyr i tillegg. Han leiger mykje jord og kjøper ein del rundballar i tillegg. Ola Nettet driv med mjølk- og kjøttproduksjon (storfe), han har seter

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

ca. 3 km unna Lykkjesetra. Han leiger også mykje av jorda, og kjøper rundballar. Øystein Blankenborg Stubrud driv med sau, og han skriv i søknaden at han ikkje har tilstrekkeleg grovforareal og hausthamn.

I saker om utvising av ledig seter/dyrkingsparsell kan det vera vanskeleg å kome med ei innstilling. Kva det skal leggjast mest vekt på er ikkje alltid like lett. I denne saka har vi tre søkjarar som ønskjer å få utvist seter, og som ikkje har seter frå før. Ein av dei, Erik Ødegård, driv med mjølkeproduksjon, som er arealkrevjande og han har stort behov meir grovforareal i og med at han kjøper mange rundballar. Han har også munnleg gjeve tilbakemelding om at det er aktuelt å sleppe dyr utmarksbeite frå setra.

#### **Innstilling til vedtak:**

I medhald av §§ 18 og 19 i fjellova og §§ 6 og 20 i seterforskrifta, viser fjellstyret den ledige setra (Lykkjesetra) med dyrkingsparsellen ved Sandranden på festnr. 818 og 819 til Erik Ødegård. Fjellstyret grunngjev dette med at han har ikkje seter frå før, han har ei drift med både mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon og han har stort behov for meir grovforareal. Han har også signalisert at det er aktuelt å sleppe dyr på utmarksbeite med utgangspunkt frå setra.

#### **Vedtak:**

Samrøystes som innstillinga.

Turid Grimsbø Snerle og Gunn Berit Aasheim var inhabile og deltok ikkje i behandlinga av saka.

*Rett utskrift. Går til:*

Erik Ødegård  
Dei andre søkjarane  
Vågå kommune  
Statskog SF

*Kopi til:*

Kristoffer Løkken

Vågåmo, 06.09.23

Knut Øyjordet (e.f)